

Møte for føresette til avgangselevar på Stord vgs og Fitjar vgs.

Avgangsstyret ved Stord vgs. inviterer vg3-føresette frå Stord og Fitjar vgs til møte tysdag 10. februar klokka 18-19.30 i konsertsalen, Saghaugen.

Me håpar at føresette og skulen vil jobbe saman med oss avgangselevar for at russetida skal bli inkluderande og kjekk for oss alle!

Møtet vil handla om feiringa som står framfor oss no i vår, om kva roller og forventningar me har til oss sjølv, til skulen og andre støttespelarar rundt oss, og til dykk føresette. Skulane vil sei litt om korleis det blir jobba for å legge til rette for at elevane får ei best mogeleg avslutning av skuletida. I tillegg vil andre støttespelarar, som Utekontakten og skulehelsetenesta vere med oss.

Vel møtt til alle som har ein "russ" i hus i år, både frå Stord vgs. og frå Fitjar vgs.!